



# VOSS KOMMUNE

## Kommunalavdeling for utvikling

Vår ref  
05/01146 - 013689/05

Etat/ avd.  
UTV

Saksbeh  
RN

Ark.  
K01 &00

Dykkar ref.

Dato  
17.08.2005

### RETNINGSLINJER FOR SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ FORBODET MOT MOTORFERDSEL I UTMARK OG VASSDRAG - VOSS KOMMUNE, 17.08.2005

Bruk av motorkøyretøy som ikkje er heimla direkte i lova eller den nasjonale forskrifta, eller lokal forskrift krev dispensasjon frå forbodet mot motorferdsel i utmark og vassdrag. Kommunen kan gje løyve til nyttekøyring på visse vilkår.

#### Kap. 1. Søknaden

1. Skriftleg søknadsskjema, med grunngjeving, skal sendast kommunen i god tid før ein har trong for løyvet. Søknaden skal innehalde namn på søkjaren, registreringsnummeret på køyretøyet, type køyretøy, køyrestrekning eller område og omfanget (tal turar eller landingar).

2. Søknaden må gjelde eit av desse føremåla:

##### På barmark

- Transport av ved, når det kan gjerast på barmark utan særleg skade, f.eks. etter eksisterande traktorveg.
- Transport av byggematerialar når barmarkstransport gjer minst skade og ulempe (f.eks. etter traktorveg).
- Tømmertransport for grunneigarar som ikkje har jord- eller skogbruk som næring.

Eller det må påvissast ein særleg trong som ikkje kan dekkjast på anna måte, og som ikkje knytter seg til turkøyring.

##### På snødekt mark

- Ervervmessig transport (leigekøyring).
- Transport av funksjonshemma.
- Transport av bagasje og utstyr mellom bilveg og hytte som ligg minst 2,5 km frå brøytet bilveg når det i området ikkje er mogleg å få leigd transport etter bokstav a.
- Køyring i utmarksnæring for fastbuande.
- Transport av ved utover det som er heimla direkte utan søknad.

Eller det må påvissast ein særleg trong som ikkje kan dekkjast på anna måte, og som ikkje knytter seg til turkøyring.

##### På vassdrag

I samsvar med forskrift for bruk av motorfartøy på vassdrag og landing og start med luftfartøy i utmark og vassdrag i Voss kommune. Eller når særlege grunner føreligg.

##### Motordreve luftfartøy

Landing og start med motordrevet luftfartøy.

3. Vedlegg til søknaden:

- Kart i målestokk 1 : 50 000 med innteikna køyrerute eller køyreområde (sist nemnde gjeld berre ved søknad om løyve til leigekøyring).
- Legeattest, ved søknad om transport av funksjonshemma.
- Løyve frå grunneigar/grunneigarlag når søknaden gjeld køyring på strekning eller område kor søkjaren ikkje sjølv eig grunnen.

- d) Ved søknad om løyve til å køyra i Stølsheimen- og Nærøyfjorden landskapsvernområde, må kopi av løyve eller søknad om løyve frå Fylkesmannen liggja ved.

## **Kap. 2. Handsaming av søknaden**

4. Mangelfulle søknader eller søknader med manglande vedlegg vert ikkje handsama før søkjaren har supplert søknaden med naudsynt dokumentasjon.
5. Svar på søknaden skal som hovudregel vera gitt innan 3 veker etter at søknaden er registrert inn i kommunen.
  5. b Løyve vert utferda til eigar av hytte. Det vert berre utferda maks eit løyve per hytte sjølv om det er fleire eigarar.
  5. c Der det er sommarveg fram til hytter legg kommunen til grunn at tyngre gjenstandar som byggematerialar, inventar, ved og anna vert frakta inn på sommarstid. I slike høve skal det føreliggja særlege grunnar for å gje løyve til slik transport på vinterstid.
6. I områder kor det er mogleg å leiga transport skal som hovudregel søknader frå einskild personar om transport av bagasje og utstyr til hytte avslåast.
7. Løyve for ervervmessig transport kan gjevast for inntil 5 år. Innehavar av løyve for ervervmessig transport kan få løyve inndrege viss grunnlaget ikkje lenger er til stades (til dømes ikkje tek på seg leigekøyring).
8. Løyve til andre føremål enn ervervmessig transport skal avgrensast i tid og tal turar. Løyveperioden skal vera maks 2 år.

## **Kap. 3. Vilkår**

9. Løyvet skal vera med under transporten, og skal visast fram på forlangande av politi og oppsyn.
10. Slede skal alltid medbringast under køyring (*gjeld snøscooter*).
11. Det skal førast logg for kvar tur, og denne skal førast før turen startar (ikkje krav ved løyve for ervervmessig transport).
12. Siste køyredag er 25. april kvart år (*gjeld snøscooter*). Det kan gjevast dispensasjon når særlege grunner ligg føre.
13. Køyringa må avgrensast til eit minimum og må skje i samsvar med lov og forskrift. Persontransport kan berre skje i samsvar med lov og forskrift. Transportøren skal visa omsyn til naturen, dyrelivet og eventuell busetnad og andre personar i området.
14. Løyve til ervervmessig transport er berre gyldig når transportøren har bestilte køyreoppdrag. Ved kvart køyreoppdrag skal transportøren velja kortast mogleg køyreveg. Snøscooter som vert nytta til ervervmessig transport skal ha godt synleg påklistra identifikasjonsmerke, som vert gjeve ut med løyvet.

Dersom løyvet vert misbrukt i høve gjeldande lov og forskrift, kan løyvet verta inndrege.